



Arkivsak

26/06411-1

Sakshandsamar

Johannes Rindal

Saksgang

Fylkeskommunalt eldreråd

Fylkeskommunalt råd for personer med
funksjonsnedsettelse

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for samferdsel

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Hovedutvalg for kultur, reiseliv og
frivillighet

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

26.05.2026

27.05.2026

27.05.2026

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Ny internasjonal strategi - prosess og organisering

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Arbeidet med ny internasjonal strategi vert starta opp i tråd med framlagt prosjektplan.
2. Det vert oppretta eit internasjonalt politisk forum Telemark i tråd med framlagt mandat og organisering.

Bakgrunn og saksgang

Internasjonal strategi for Telemark fylkeskommune mot 2035 vart vedteken av fylkestinget i FT-sak76/24. I desember same år vedtok fylkestinget Telemarksplanen – regional planstrategi 2024-2028 (FT-sak 151/24). I denne vart det lagt til grunn at nyleg vedteken internasjonal strategi skulle vidareførast i inneverande periode.

Fylkestinget vedtok i FT sak 113/25, i samband med handsaming av budsjett- og økonomiplan, følgande:

Verbalpunkt 10:

Fylkesdirektøren bes revidere og legge fram forslag til ny internasjonal strategi for Telemark fylkeskommune. I Europa blir regionene stadig mer strategisk viktige, ikke minst i et

beredskapsperspektiv sett i lys av ny sikkerhetspolitisk situasjon. Utarbeidelsen bør skje i samarbeid med Telemarksplanens mål og satsinger.

I denne saka blir det lagt fram forslag til prosjektplan for utarbeidinga av ny internasjonal strategi for Telemark fylkeskommune. Prosjektplanen beskriv rammene og tidsplanen for arbeidet, og korleis ein sikrar god intern og ekstern forankring og involvering i prosessen.

Saka blir lagt fram for alle hovudutval og råd. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som fattar endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Om tilhøvet til Telemarksplanen

Telemarksplanen har ambisiøse mål for utviklinga av telemarkssamfunnet. I planen er det slått fast at Telemark fylkeskommune skal delta aktivt i samarbeid og program både på nasjonalt og internasjonalt nivå som kan bidra til å nå måla i planen. I organisasjonskartet for Telemark fylkeskommune er internasjonalt arbeid definert som eit *samarbeid på tvers* - ein arbeidsform som skal nyttast i alle sektorar for å nå måla vi har både som tenesteleverandør og regional utviklingsaktør.

Gjeldande internasjonale strategi

Den internasjonale strategien er eit styringsdokument som beskriv mål og strategiske prioriteringar for Telemark fylkeskommune fram mot 2035. Internasjonalt arbeid er langsiktig, og strategien byggjer difor på ei vidareføring av satsingsområda i den Internasjonale strategien for Vestfold og Telemark fylkeskommune. Fleire andre fylkeskommunar har henta inspirasjon frå denne når dei har utarbeidd sine eigne internasjonale strategiar.

Strategien har 4 satsingsområde:

1. Medlemsorganisasjonar
2. Bilaterale avtaler
3. Prosjektarbeid
4. Kompetanse og kunnskapsdeling

Det blir kvart år utarbeidd ei årsmelding for det internasjonale arbeidet. Denne blei fremma som eigen sak i møterekke 2-2026 (FT- sak 28/26). I den saka var handlingsplanen for 2026 vedlagt til orientering.

Vedtak kring bilaterale avtaler

I gjeldande strategi ligg det ei vidareføring av dei to bilaterale avtalene med Hubei-provinsen i Kina og Norway House i Minneapolis, USA.

Det har vore lagt fram eigne saker om desse avtalene i 2025, med følgande vedtak:

Sak 58/25 Revidering av samarbeidsavtalen mellom Telemark Fylkeskommune og Norway House i Minneapolis

- 1. Samarbeidsavtalen mellom Telemark fylkeskommune og Norway House i Minneapolis godkjennes.*
- 2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å foreta justeringer i avtalen, innenfor rammene gitt av denne saken, dersom det er behov for dette i forkant av signering.*

Sak 133/25 Avklaring om vidare samarbeid med Hubei-provinsen i Kina

- 1. Telemark fylkeskommune held fram samarbeidet med Hubei-provinsen i Kina basert på gjeldande samarbeidsavtale.*
- 2. I samband med 20-årsjubileet i 2026 takkar Telemark fylkeskommune for invitasjonen og planlegg for å sende ein delegasjon til Hubei i samband med markeringa av 20-årsjubileet.*

Nærare om prosjektplanen

Prosjektplanen legg opp til brei politisk, intern og ekstern involvering, med slutthandsaming av ny internasjonal strategi i fylkestinget om eitt år.

Hovudgrepet i prosjektplanen, for å oppnå bred politisk forankring, er etablering av eit internasjonalt politisk forum etter modell frå Østfold fylkeskommune.

Østfold fylkeskommune vedtok etablering av eit slikt forum hausten 2024, i samband med at fylket skulle utarbeide ny internasjonal strategi. Siktemålet var eit tids- og kostnadseffektivt forum som sikrar god informasjonsflyt, forankring og tyngde til det internasjonale arbeidet. Det er utarbeidd eit eige framlegg til mandat og organisering av forumet, som ligg vedlagt saka.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Koordineringa av internasjonalt arbeid er plassert i sektor for samfunnsutvikling i seksjon for klima, næring og innovasjon, men alle sektorar har dedikerte medarbeidarar som på ulikt vis er knytt opp mot internasjonale prosjekter og tiltak.

Det er sett av midlar i rammebudsjettet til sektor for samfunnsutvikling for 2026 til utarbeiding av internasjonal strategi, inkludert ekstern bistand med at eit kunnskapsgrunnlag skal utarbeidast.

Det er midlar i budsjettet for internasjonalt arbeid i 2026 til å gjennomføre møte i internasjonalt politisk forum i haust. Slik organiseringa av forumet er føreslege vil dette vere møte med lave møtekostnader sidan dei fleste i forumet allereie mottok godtgjersle som medlem av fylkesutvalet.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Telemark fylkeskommune sitt internasjonale engasjement og samarbeid skal bidra til å gjere fylket rusta til omstillinga FNs bærekraftsmål inneber. Strategien skal bidra til å realisere fylkeskommunen sine overordna målsetjingar slik dei er formulert i Telemarksplanen.

Fylkesdirektøren si vurdering

Fylkesdirektøren vurderer det slik at fylkestinget sitt vedtak inneber ein strategi som er tettare knytt til måla i Telemarksplanen, og at det er ei heilt sentral føring i det vidare arbeidet. I dette ligg både korleis vi målrettar og styrkar det internasjonale arbeidet internt i heile organisasjonen, og korleis telemarkssamfunnet og aktørar kan bruke internasjonalt arbeid for å løyse utfordringar og nå felles mål.

Fylkesdirektøren har merka seg fylkestinget si formulering kring samfunnstryggleik og beredskap. Den uføreseielege verdssituasjonen påverkar alle aspekt ved telemarkssamfunnet. Fylkesdirektøren vurderer det som særskild viktig å vere tett på internasjonale samarbeid og prosjekt knytt til denne tematikken.

Fylkesdirektøren ser det som viktig å arbeide koordinert og effektivt på det internasjonale området sidan ressursituasjonen er krevjande. Fylkesdirektøren tilrår difor at Telemark opprettar internasjonalt politisk forum slik Østfold fylkeskommune har gjort. Etter fylkesdirektøren si vurdering vil dette vere ein svært god arena for å sikre at det internasjonale arbeidet er forankra i alle delar av organisasjonen, både politisk og administrativt.

Fylkesdirektøren har i mandatet lagt til grunn same organisering som i Østfold – med fylkesutvalet saman med politikarar med internasjonale verv. Per mai 2026 vil dette være 18 representantar (13 i FU og 5 politikarar med internasjonale verv).

Vedlegg:

Vedlegg 1: Prosjektplan Internasjonal strategi

Vedlegg 2: Mandat internasjonalt politisk forum

Vedlegg 3: Politikere i internasjonale verv 2026

Vedlegg 4: Gjeldende Internasjonal strategi 2035